



Det vesle, men trivelege forsamlingshuset Vonheim midt oppi dalen er omfatta av stor omsorg av bygdefolket. Annleis kan einikkje tolka det faktum at 70 kom til den årvisse basaren i ettermiddag og la att 14 400 kroner. Det er den klårt største inntektsposten for huset, Mykje talar for at det ikkje har vore så mange på basaren før, i alle fall ikkje på mange år.

Basarleiinga ved Britt Torill Mathiesen og Anne Grethe Sjo, som avvikla det heile med sikker rutine, kunne rekna inn 1200 kroner meir enn i fjor, då det kom 50. Det var igjen 2000 kroner meir enn i 2010 og like mykje som i 2009, som også var eit toppår.

Over er Britt Torill og Anne Grethe igang med avviklinga og det andre biletet illustrerar det gode frammøtet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

